



Foto/animasjon: Region Nordhordland/Link arkitektur

LINK ARKITEKTUR



AUD-rapport 04-18

Helsetenester i senterstrukturen



OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse

Kontaktinformasjon/ e-post: martin.tvedt@hfk.no

Dato: 01.03.2018


Forsidefoto: nytt helsehus i Knarvik under planlegging, region Nordhordland/Link arkitektur

INNHALD

ANALYSE AV HELSETENESTER	4
Avstandar frå senter	5
Kategorisering av helsetenester	5
LOKALISERING AV HELSETENESTER.....	6
Sjukehus og spesialisthelseteneste	7
Psykisk helsevern og legetenester for psykisk helsevern.....	8
Allmenn legetenester, fysioterapi og tannhelsetenester	9
Pleie- og omsorgstenester og heimesjukepleie	10
Rehabilitering-, opptrening- og rusmiddelinstusjonar	11
HELSETENESTER I REGIONSENTRA – EIN OVERSIKT	12
Husnes.....	12
Odda.....	13
Norheimsund.....	14
Voss	16
Leirvik	17
Osøyro	19
Straume	20
Kleppestø	21
Knarvik.....	22
Arna.....	23

Analyse av helsetenester

Rapporten viser ein oversikt over kor ulike helsetilbod er lokalisert i kvart regionsenteromland, med utgangspunkt i vedteken senterstruktur (sjå figur 1)¹. Geografiske data for verksemdar innan helse er henta frå SSB sitt verksemd- og foretaksregister. Det er gjort ein kategorisering og inndeling av helsetilbod basert på femsifra koder etter standard for næringsinndeling (NACE). Merk at for Etne og Sveio, to av grensekommunane til Rogaland, er det ikkje vurdert om tenestetilbodet er lokalisert i Haugesund, som kan fungere som deira næraste regionsenter.



Figur 1: Kart som viser senterstrukturen i Hordaland. Merk at omlandsgrensene ikkje er absolutte (jf. Senterplan).

¹ [Regional plan for attraktive senter i Hordaland](#)

AVSTANDAR FRÅ SENTER

I analysen er det satt ein bufferavstand kring kvart fylkes- og regionsenter på 1000 m. For kommune- og lokalsenter er avstanden 650 m.

KATEGORISERING AV HELSETENESTER

Allmenn legeteneste omfattar allmennpraksisar og kommunelegar som driv allmennpraksis i tillegg til kommunale legevakter.

Fysioterapitenester omfattar fysioterapitenester

Heimesjukepleie omfattar helse- og pleietenester som er gitt over lengre tid, dvs. meir enn 2-3 månader, til heimebuande, i eigen heim, omsorgsbustad eller bufelleskap og kollektiv. For at denne registreringa skal gjelde må verksemda vere utskilt frå anna verksemd.

Legetenester psykisk helsevern omfattar legetenester innan psykisk helsevern forutan psykiater i reine administrative stillingar, poliklinikkar i psykisk helsevern for vaksne (over 18 år) og poliklinikkar for psykisk helsevern for barn og unge opptil 17 år.

Pleie – og omsorgstenester i institusjon omfattar sjukeheimar, psykiatriske sjukeheimar, omsorgsinstitusjonar for rusmiddelbrukarar, bufellesskap for psykisk utviklingshemma, aldersheim, bufellesskap for eldre og funksjonshemma, avlastningsbustader, barnebustader, institusjonar innan barne- og ungdomsvern og andre omsorgsinstitusjonar.

Psykisk helsevern omfattar institusjonar i psykisk helsevern for vaksne og institusjonar i psykisk helsevern for barn og unge. Dette må vere døgnbehandling. Dagbehandling ligg under legetenester psykisk helsevern.

Rehabiliterings- og opptreningsinstitusjonar omfattar medisinske rehabiliteringsinstitusjonar som driv eit planmessig arbeid for at personar som er funksjonshemma grunna sjukdom, skade eller medfødd lyte skal i størst mogleg grad få tilbake sjølvstende og livskvalitet. Dette omfattar også institusjonar som driv behandlingstiltak etter sjukdom etter operative inngrep.

Rusmiddelinstitusjonar omfattar døgninstitusjonar eller avdelingar som driv eit tverrfagleg spesialisert rusarbeid.

Sjukehustenester omfattar alminnelege somatiske sjukehus og somatiske spesialsjukehus

Spesialiserte legetenester omfattar legepraksisar som drives av spesialister utanom allmenntedisinske praksisar. Dette ekskluderer psykiatriske legetenester innan psykisk helsevern.

Tannhelsetenester omfattar tannlegeverksemdar som driv alminneleg eller spesialisert behandling, tannbehandling, endodontisk og pediatriisk tannbehandling (oral patologi og tannregulering). Dette ekskluderer produksjon av kunstige tenner og tannprotesar, behandling på sjukehus. Yrkesgruppa tannpleier tilhøyrar inndelinga *andre helsetenester* som ikkje er teke med i denne oversikta.

Lokalisering av helsetenester


Regional plan for attraktive senter i Hordaland føreslår kva tenester og funksjoner som bør ligge i hierarkiet for senterstruktur, av omsyn til nye besøksintensive offentlege tenester. Mellom anna heiter det at regionsentra bør ha sjukehus og anna spesialisthelseteneste, tannklinikk av ein viss storleik eller spesialiserte tannhelsetenester samt lokalmedisinske senter og legevakt. Tannhelse er ei fylkeskommunal teneste og fylkeskommunen jobbar med å samle desse tenestene i regionsentra. I fleire regionsentra er dette allereie på plass. Når det gjeld kommunesenter kan desse ha spesialisthelseteneste og andre spesialiserte kommunale helse- og sosialtenester. I lokalsentra er det rom for helseinstitusjonar utan at planen går nemneverdig inn på detaljane for dette tilbudet.

Prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester			
	Stat	Fylkeskommune	Kommune
Fylkes-senter	Sjukehus / spesialisthelseteneste for heile fylket	Fylkesadministrasjon; kultur, tannhelse, opplæring, samferdsel	[opplisting ikkje aktuelt]
	Universitet / høgskule	Tannhelse Kompetansesenter Vest – Hordaland / Spesialiserte tannhelsetenester	
	Politikontor for heile fylket		
	Skatt vest – kontor med oppgaver i heile fylket (ID-kontroll i Bergen og Odda)	Vidaregåande skular med stor breidde i fagtilbod	
	NAV- Hordaland, administrativ eining for fylket	Fagskule og vaksenopplæring i samband med vidaregåande opplæring	
	Nasjonale kulturinstitusjonar (teater, opera, ballett)		
Region-senter	Sjukehus / spesialisthelseteneste for regionen	Større tannklinikk / Eventuelt: klinikk for fleire kommunar	Interkommunal legevakt Lokalmedisinsk senter
	Høgskule / desentralisert universitet	Spesialiserte tannhelsetenester i nokre regionsentra (Stord, Norheimsund, Nordhordland)	Interkommunale helse- og sosialtenester
	Politi som dekkjer fleire kommunar	Vidaregåande skule med breitt fagtilbod og fagtilbod tilpassa næringslivet i omlandet. Eventuelt vaksenopplæringstilbod.	Regionalt kulturhus Bibliotek
	Skattekontor		Regionalt symjeanlegg (25m basseng)
	NAV-kontor med koordinerande oppgaver for regionen	OT/PPT for fleire kommunar	
Kommu-nesenter	Spesialisthelseteneste	Eventuelt: Tannklinikk	Rådhus / kommuneadministrasjon
	Eventuelt: Politi	Eventuelt: Vidaregåande skule	Spesialisert helse- og sosialteneste, legekontor / legevakt
	NAV-kontor		Bibliotek Eventuelt: Kulturhus Den norske kyrkja Eventuelt: Symjebasseng
Bydels-senter i Bergen kommune	Spesialisthelseteneste	Tannklinikk	Spesialisert helse- og sosialteneste
	Eventuelt: Politi	Vidaregåande skule	Eventuelt: Kulturhus for bydelen, bibliotek
	NAV-kontor for bydelen		
Lokalsentra	[opplisting ikkje aktuelt]	[opplisting ikkje aktuelt]	Helseinstitusjon
			Grunnskule Barnehage
Nærsenter	[opplisting ikkje aktuelt]	[opplisting ikkje aktuelt]	Eventuelt: Grunnskule / barnehage

Figur 2: Prinsipp for lokalisering frå den regionale planen for attraktive senter.

SJUKEHUS OG SPESIALISTHELSETENESTE


Sjukehusa i fylket er primært lokalisert kring dei store befolkningskonsentrasjonane, Haukeland sjukehus i fylkessenteret Bergen og lokalsjukehus i regionsentra Voss, Odda og Leirvik. Det er også meir desentraliserte tilbod som Kysthospitalet i Hagavik, 15 min med buss frå Osøyro. Når det gjeld spesialisthelsetenestene ligg desse for det meste i regionsentra eller nær større befolkningskonsentrasjonar. Nokre få unntak er privatpraktiserande spesialister med lokalisering utanfor senter.



Figur 3: Kart over konsentrasjon og tettleik av sjukehusetener og spesialiserte legetenester i Hordaland

PSYKISK HELSEVERN OG LEGETENESTER FOR PSYKISK HELSEVERN


Kategorien psykisk helsevern omfattar døgntilbod. Mange av desse tilboda ligg utanfor regionsentra. Utanfor Kleppestø ligg desse institusjonane i området Ask på austsida av Askøy. Utanfor Husnes ligg Valen sjukehus. Frå eit historisk perspektiv kan det vere naturlege årsakar til at desse institusjonane er plassert slik. Ein døgntilbod tilbyr eit opphald og nærområdet eller omgjevnadene kan ha betydning for behandlingstilbodet. Legetenestene for psykisk helsevern omfattar dagbehandling og desse kan vere meir besøksintensive tilboda. Mange av desse tilboda er av praktiske, faglege og organisatoriske årsakar lokalisert nær eller saman med døgntilbod. Ein desentralisert plassering kan likevel, med dagens lokalisering, auke transportbehovet for pasientar og pårørande. Unntaka er Straume, Knarvik, Voss og dels Leirvik, som har ein konsentrert plassering i eller tett på regionsentra, noko som reduserer transportbehovet (sjå oversikt for enkelte regionsenter under *helsetenester i regionsentra*).



Figur 4: Kart over lokalisering og tettleik av verksemdar innan psykisk helsevern og legetenester innafor psykisk helsevern.

ALLMENNE LEGETENESTER, FYSIOTERAPI OG TANNHELSETENESTER


Generelt er dette tilbud som ligg i senterstrukturen. Allmenne legetenester og fysioterapitenestene ligg for det meste i regionsentra og kommunesentra, men ein finn også tilbod i lokalsentra og utanfor senterstrukturen. Halvparten av tannhelsetenestene, som også omfattar private tannlegepraksisar, ligg i regionsentra.



Figur 5: Kart over konsentrasjon og tettheit av verksemdar knytt til allmenn legeteneste, fysioterapi og tannhelsetenester.

PLEIE- OG OMSORGSTENESTER OG HEIMESJUKEPLEIE


Dette omfattar eit bredt spekter av pleie- og omsorgsinstitusjonar, sjukeheimar, bufellesskap mm. Denne typen tenester er utbreidd over heile fylke. Mange plassar følgjer lokaliseringa senterstrukturen, men dei kan og vere desentralisert for å vere nær bestemte brukargrupper. Eit døme er heimetenester som må reise ut til der brukarane bur.



Figur 6: Kart over konsentrasjon og tettheit av verksemdar knytt til pleie- og omsorg og heimesjukepleie.

REHABILITERINGS-, OPPTRENINGSG- OG RUSMIDDELINSTITUSJONAR

Dette er tenester som tilbyr lengre opphald og inkluderer i liten grad dagtilbod. Plasseringa av desse tenestene kan vere av omsyn til kvalitetar i nærmiljøet, som natur eller at det er rolige omgjevnader. Det kan difor vere gode argument for at dette i stor grad er desentraliserte tenester. Klare døme er Hjellestadklinikken (rus), Krokeide (hjerte/lunge) og Toska på Radøy (rus).




Figur 7: Kart over konsentrasjon og tettleik av verksemdar innafor rehabilitering, opptrening eller rus.


Helsetenester i regionsentra – ein oversikt

Oversikta viser statistikk over tilsette og lokalisering i høve senterstrukturen i kvart regionsenteromland (sjå figur 1).

HUSNES




Figur 8: Tilsette etter helseteneste og senterstruktur




Husnes regionsenteromland omfattar Kvinnherad kommune. Plasseringa av Valen sjukehus utanfor Husnes bidreg til at ein del tenester innan psykisk helsevern er konsentrert utanfor senterstrukturen.

Figur 9: Kart over helsetenester nær Husnes

ODDA




Figur 10: Tilsette etter helseteneste og senterstruktur




Figur 11: Kart over helsetenester i Odda

Odda har ein konsentrert lokalisering av helsetenestene. Sjukehuset ligg nær sentrum. Det er elles få andre større senter i omlandet.

NORHEIMSUND




Figur 12: Tilsette etter helseteneste og senterstruktur




Figur 13: Kart over helsetenester i Norheimsund

Norheimsund med omland har stort sett allmenne legetenester og fysioterapitenester i tillegg til pleie/omsorg og tannhelsetenester. Det er få tenester som ligg utanfor senterstrukturen.

VOSS




Figur 14: Tilsette etter helseteneste og senterstruktur




Voss har ein konsentrert lokalisering av samlege helsetenester. Regionsenteret huser sjukehus, rehabiliteringsinstitusjonar og psykisk helsevern nær kollektivknutepunkt. Det er primært pleie- og omsorgstenester som ligg utanfor senterstrukturen.

Figur 15: Kart over helsetenester i Voss

LEIRVIK




Figur 16: Tilsette etter helseteneste og senterstruktur




Figur 17: Kart over helsetenester i Leirvik

I Leirvik ligg dei fleste helsetenestene nær regionsenteret, men sjukehuset og dei psykiske helseverntenestene ligg litt utanfor gangområdet for denne analysen (>1000 m). Ein er difor truleg avhengig av transport frå kollektivterminalen sentralt i Leirvik.

OSØYRO




Figur 18: Tilsette etter helseteneste og senterstruktur




Figur 19: Kart over helsetenester i Osøyro

I Os ligg dei aller fleste helsetenestene sentralt nær regionsenteret. Området Hagavik ligg utanfor senterstrukturen og omfattar sjukehusstenester og rehabilitering- og opptrening. Desentralisert plassering aukar transportbehovet til og frå desse institusjonane.

STRAUME




Figur 20: Tilsette etter helseteneste og senterstruktur




Figur 21: Kart over helsetenester i Straume

Straume har ein svært konsentrert plassering av helsetenester der samlege tenestetypar ligg anten i helselandsbyen på nordsida av RV555 eller i området kring Sartor. Få tenester utanom pleie- og omsorg ligg utanfor senterstrukturen. Dette gjer teneste tilgjengelege utifrå eit gang- og kollektivperspektiv.

KLEPPESTØ




Figur 22: Tilsette etter helseteneste og senterstruktur




I Kleppestø ligg allmenne legetenester, fysioterapi, tannhelsetenester, heimesjukepleie og pleie- og omsorgstenester relativt sentralt i Kleppestø. I området rundt Ask på austsida av Askøy er det ei klynge av institusjonar innafor psykisk helsevern, rusmiddel og pleie- og omsorgstenester. Slik sett er helsetenestene for det meste konsentrert til desse lokaliseringane.

Figur 23: Kart over helsetenester i Kleppestø

KNARVIK




Figur 24: Tilsette etter helseteneste og senterstruktur




Figur 25: Kart over helsetenester i Knarvik

I Knarvik og omland er helsetenestene spreidd utover senterstrukturen. Forutan legetenester innan psykisk helsevern og spesialiserte legetenester, som ligg til regionsenteret, finn ein det meste av andre tilbod i dei omkringliggande kommune- og lokalsentra. Det er også planlagt eit nytt helsehus sentralt i Knarvik som vil samlokalisere ein del av helsetenestene. Dette vil vere positivt med tanke på gangavstand og tilgjenge.

ARNA




Figur 26: Tilsette etter helsetenester og senterstruktur



I regionsenteret Arna er det hovudsakleg allmenne legetenester og ulike pleie- og omsorgstenester. Det er ein forholdsvis lik struktur i kommune- og lokalsentra. Årsaka til at det er ein såpass stor del av dei tilsette som jobbar utanfor senter har samanheng med plasseringa av mellom anna Osterøytunet, som ligg eit stykke frå kommunesenteret Lonevåg og lokalsenteret Valestrand.

Figur 27: Kart over helsetenester i Arna



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

